




Bjerkreim kommune
Ordførarkontoret
Postboks 17
4389 VIKESÅ



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
04/00329-6/A41 /SEN-ORF-ARA

Stad/dato
Vikeså 20.11.2006

Forslag til endringer i friskoleloven

I forslaget til endringer av lov frå 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skular, utsendt frå Kunnskapsdepartementet datert 10.10. 2006, blir det foreslått at frittstående vidaregåande skular ikkje skal ha anledning til å ta inn vaksne elevar uten rett til vidaregåande opplæring. Ved forskrift til loven frå 2003, blei det gitt anledning til at enkelte navngitte skular kunne ta inn eit visst antal vaksne elevar, Vinterlandbruksskulen på Jæren kan ta inn 21 elevar uten rett til vidaregåande opplæring. Dersom forslaget går gjennom vil Vinterlandbruksskulen på Jæren mista driftsgrunnlaget for å oppretthalda agronomutdanninga.

Tilbodet som Vinterlandbruksskulen har til nye og etablerte bønder ved å arrangera komprimert eittårig agronomkurs som i tillegg er ambulerande, gjer det mogleg for mange å ta utdanning samtidig som dei klarer å oppretthaldas drifta på eigen gard. Mange av elevane har tatt anna fagutdanning før dei i vaksen alder skal overta eller har overtatt gardsbruk. For desse elevane er det ikkje aktuelt å følgja ei ny treårig utdanning for å skaffa seg landbruksfaglig kompetanse.

I Dalane er mange sysselsett i landbruket og det er viktig at utøvarane har eit reelt tilbod om fagutdanning. Det er stadig fokus på at gardbrukarane bør ha landbruksfaglig kompetanse. Vinterlandbruksskulane på Jæren og i Ryfylke har dei siste åra til saman utdanna 70% av dei som har blitt agronomar.

Ordførarane i Dalane ser med uro på kva som vil skje med kompetansebygginga i landbruket dersom grunnlaget for drift av det eittårige komprimerte agronomkurset i framtida blir avvikla.

Ordførarane i Dalane vil på det sterkaste oppfordra til at det og i framtida kan finnast løysingar som gjer det mogleg å vidareføra dagens tilbod.

Bjerkreim kommune
Asbjørn Ramsli
Asbjørn Ramsli
Ordførar

Eigersund kommune
John Skarå
John Skarå
Ordførar

Lund kommune
Kjell Eriqjord
Kjell Eriqjord
Ordførar

Sokndal kommune
Gudmund Holmen
Gudmund Holmen
Ordførar

Telefon:	Telefax:	E-post:	Bankgiro:	Organisasjonsnr.:
51 20 11 00	51 20 11 01	postmottak@bjerkreim.kommune.no	3344.07.00158	NO970490361